

Behovsvurdering Eikanger skule, nærmiljøanlegg

Anleggsnummer; 75689 og 75786


Prosjektet består av klatrepilare og utandørs turn/styrke innstallasjon ved Eikanger barneskule.

Eikanger barneskule ligg i ein krins i vekst, om lag 10 minuttars kjøring frå regionsenteret Knarvik. Skulen er av eldre dato, og har per i dag få og lite varierte aktivitetar utandørs. Grusa skuleplass fungerer som einaste ballbane, men er samstundes nedkjørsel til det eine bygget. Dei installasjonane som finst, er i hovudsak tilpassa dei yngste elevane.

Nytt næringsområde og byggjefelt ligg like ved, og det er forventa jamn vekst i krinsen i åra framover.

Nærmiljøanlegga utandørs vil fungera både som leikeareal for barneskulen og aktivitetsområde for barn på kveld og helg.

Å byggja ny barneskule i krinsen er på den politiske agendaen i Lindås/Alver, men førebels ikkje avklart. Det er difor med vilje valt apparat som kan demonterast og flyttast dersom dette skulle bli aktuelt.



Atle Vaage

Fagleiar idrett og grønt, Lindås kommune